



Kristian Olav Bringedal spelar og syng under konfirmantjubileet

Det har i bakkant av konfirmantjubileet vore ein viss usemje om når Haugland-skulen vart nedlagt, men det var i 1966 etter at det hadde vore halde skule der i 76 år for Haugland og Musland krins. Sentraliseringa var ikkje prega av nokon hard kamp, Elevtalet gjekk kraftig ned på slutten.

Aud Marit Sjo fortel at ho er ein 1955-modell som gjekk dei første 3 åra på den todelte skulen 'Skulemeister' Kristian Olav Bringedal fortalde om skulen si historie under konfirmantjubileet og kom naturleg nok også inn på lærarane.

Ein sær s ruvande kar mellom dei var den nest siste lærar Andreas A. Haugland, som var eit kulturelt fyrstårn i bygda og meir enn det. Då dei hadde songtime spela læraren på fiolin medan han trødde takta med jarnskodd hæl. Og dei song alle songane i songboka til Lars Søråas, som også låg på pultane og vart nytta under konfirmantjubileet.

Andreas hadde sundagsskule annankvar sundag. Sløyden tok han seg av sjølv. Han sykla til Sunde for å dirigera og var også organist i kyrkja vår. Andreas hadde ein spesiell måte å reagera på hvis det vart for uroleg i klaserommet. Då strauk han ut og vart borte lenge.

Sigurd Haugland var den siste læraren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var tett av "elevar" under jubileet